



Innkalling til Utval for levekår

Møtedato: 13.09.2016
Møtestad: Møterom 1
Møtetid: 09:00

Medlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Det vert besøk på Danielsen Ungdomsskule Frekhaug ca. kl. 10.00.

Sakliste

Saknr	Tittel
42/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
43/2016	Godkjenning av møtebok
44/2016	Referatsaker
45/2016	Orientering om oppstart Plan for legetenesta i Meland kommune
46/2016	Orientering om status i Prosjekt kvardagsrehabilitering
47/2016	Orientering status NAV
48/2016	Tilstandsrapport skuleåret 2015-16
49/2016	Status utbygging Grasdal og Sagstad skule
50/2016	Oppstart - rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017 - 2020
51/2016	Tildeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg 2016
52/2016	Ungdomsklubb og fritidstilbod for ungdom - orientering om status
53/2016	Presentasjon av kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland kommune
54/2016	Orientering om sommaraktivitetar for born i Meland
55/2016	Tv-aksjonen 2016 "Saman får vi hjelpa heilt fram"
56/2016	Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20
57/2016	Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20
58/2016	Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i perioden 01.10.16 til 30.09.20
59/2016	Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

60/2016	Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20
61/2016	Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 i perioden 01.10.16 til 30.09.20
62/2016	Aktuelle saker

15. september 2016

Sølvi Norunn Knudsen
møteleiar

Rita C. Kvalheim Sætre
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		16/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
42/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Innkalling og sakliste vert godkjent.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Godkjenning av møtebok

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Møtebok vert godkjent.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		16/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
44/2016.1	Rapport - kontroll av salsløyve - Kiwi 801
44/2016.2	Barnehagekonferansen 5. - 6.09.16
44/2016.3	Digitalt realfagsbarometer for grunnskoler 2015-2016
44/2016.4	Rapport - kontroll av salsløyve - Rema 1000
44/2016.5	Referat frå styremøte i NKR 01.06.16 - 4/16
44/2016.6	Signert avtale mellom Lindås kommune og Nordhordland kompetanseregion - NKR 2016 - 2020
44/2016.7	Tilsegnsbrev for tilskot til utstyr i barnehagar i realfagskommunar
44/2016.8	Årsplan 2016-2017
44/2016.9	Årsplan barnehageåret 2016/2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Meldingane vert tekne til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - G21, TI - &30	16/2189

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Orientering om oppstart Plan for legetenesta i Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alle kommunar skal ha eit samarbeidsutval (SU) mellom fastlegane og kommunen. SU er samansett med like mange medlemmer frå kommunen som frå fastlegane, og leiarvervet skal rullere mellom partane. Leiar for SU er for tida fastlege Lars Moland. Kommuneoverlege Tord Moltumyr er sekretær. SU sine oppgåver og mynde er heimla gjennom forskrift om fastlegeordninga, samt i ulike tariffavtalar. SU i Meland kommune var etablert i 2001. Ei av oppgåvene til SU er å følge opp plan for legetenesta i kommunen.

I rammeavtalen (ASA 4310) mellom KS og Den norske legeforening heiter det i § 6.2 :

”Kommunen skal sørge for nødvendig planlegging slik at legen har forutsigbarhet i sin virksomhet i henhold til gitte rammebetingelser slik som forventet listestørrelse, sammensetning av pasientpopulasjon, veiledning av turnusleger mv. Kommunen skal utarbeide plan for legetjenesten i kommunen. Planen skal rulleres og forelegges samarbeidsutvalget til vurdering og uttalelse.”

Samarbeidsutvalet for fastlegeordninga har i møte 23.08.16 vedtatt mandat og samansetning av ei arbeidsgruppe som skal utarbeide plan for legetenesta.

ULK vert med dette informert om oppstart av planen.

Arbeidsgruppe:

- Kommuneoverlege Tord Moltumyr
- Fastlege Henny Rosså Stokke, Dnlf
- Rådmann Ingvild Hjelmtveit, eller representant utpeikt av rådmannen
- Driftsleier Mona Kvalheim

Vurdering

Mandat:

Planen har som mål å:

- Bidra til å sikre ei god kvalitativ legeteneste i kommunen.
- Sikre tiltrekkelige tal listeplassar til befolkninga.
- Sikre at legesentra har stabilitet, sikre rekruttering ved behov, og sikre eit breidt medisinskfagleg miljø.
- Sikre at kommunen sine plikter i fastlegeordningen vert oppfylt.
- Sikre at legetenesta oppfyller dei krav som følgjer av samhandlingsreforma.

Planen skal innehalde:

- Kort historikk
- Statuskildring av legetilbod, pasientene sine valmuligheiter, listeprofil, økonomi, utfordringsbilde.
- Samla vurdering og konklusjon.
- Framlegg til tiltak i perioden 2017-2022.

Gruppa kan innhente uttalelse / informasjon frå andre tilsette, fastlegar eller leiarar.

Planprosess:

- SU fungerer som referansegruppe, og skal også få ferdig plan til handsaming.
- ALU (allmennlegeutvalet) skal få planen til uttale før handsaming i SU.
- Rådmannen er mottakar av planen etter handsaming i SU.
- Ferdig plan skal oversendast Utval for levekår.

Frist: Innan påske 2017

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Det vert etablert administrativ prosess for utarbeiding av Plan for legetenesta i Meland kommune.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om etablering av prosess vedrørande Plan for legetenesta i Meland til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - F04	16/2144

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
46/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Orientering om status i Prosjekt kvardagsrehabilitering

Vedlegg:

Versjon 06.06.2016 - Prosjekt kvardagsrehabilitering 2015-2017 i Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til ULK sak 33/2015, og at utvalet er styringsgruppe for prosjektet.

Kommunen har nyleg fått tildelt tilskot via Fylkesmannen med kr. 300.000,- til vidare prosjektarbeid.

Representantar frå prosjektgruppa vil i møte gje ei orientering om status for arbeidet, og vidare planar for prosjektperioden jamfør vedlegg.

Aktuel presentasjon vert delt ut i møte.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om status Prosjekt kvardagsrehabilitering til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - F00	16/2145

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
47/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Orientering status NAV

Saksopplysningar:

Bakgrunn

NAV Meland vil gje ei orientering om status for verksemda.

Her vil ein mellom anna rette fokus på aktuelle tiltak for arbeidsledig ungdom/unge vaksne, tilbod om gjeldsrådgeving samt status arbeid med flyktingar.

Aktuell presentasjon vert delt ut i møte.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om verksemda innan NAV til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A20	16/1772

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Tilstandsrapport skuleåret 2015-16

Vedlegg:

Handlingsplan mot mobbing - Meland ungdomsskule
Handlingsplan mot mobbing - Sagstad skule
Handlingsplan mot mobbing - Vestbygd skule
Handlingsplan mot mobbing
Handlingsplan Rossland skule
Årsmelding Sagstad skule 2015-16
Årsmelding Vestbygd 2015-2016
Årsmelding skuleåret 2015/2016
Årsmelding skuleåret 2015/2016
Årsmelding 2015-2016
20150925 - Mål og handlingsplan 2016-2019 Skule (med tiltak) (1)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane» (jf. opplæringslova § 13-10).

Vurdering

Tilstandsrapporten er gjort på grunnlag av statistiske fakta om skulane sine ressursar og resultatata frå prøver, kartleggingar og undersøkingar. Tilstandsrapporten inneheldt vurdering av desse og forslag til tiltak for forbetring.

Folkehelse: ikkje aktuelt
Miljø: ikkje aktuelt
Økonomi: ikkje aktuelt

Konklusjon

Resultat i tilstandsrapporten for skuleåret 2015-16 leggast fram for drøfting i Utval for levekår og

Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret drøfter tilstandsrapport for skuleåret 2015-16 jf. Opplæringslova § 13-10. »

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - L80	16/2194

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
49/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Status utbygging Grasdalen og Sagstad skule

Saksopplysningar:

Ronny Landaas, prosjektleiar frå Plan, utbygging og kommunalteknikk, vil gje ei kort orientering om status utbygging på Grasdalen og Sagstad skule på møtedatoane 13. september, 8. november og 6. desember 2016.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C60, TI - &30	16/2166

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Oppstart - rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017 - 2020

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bibliotekplan for Meland kommune må rullerast for dei kommande åra. Førre planperiode var 2011–2015.

Vurdering

Meland kommune har hatt bibliotekplan for periodane 1988–95, 2004–09 og 2011–15. I tillegg vart det utarbeida *Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka 2006–10*.

Etter forprosjektet *På veg mot praksisfellesskap* i 2013, vart det same haust sendt søknad om tilskot til det 3-årige prosjektet *Praksisfellesskap* i samarbeid med Lindås bibliotek. Hovudmåla for prosjektet var

- å utvikle eit alternativ til hovudbibliotek/filialstruktur ved samanslåing av kommunar
- betre kvaliteten på bibliotekstilboda i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek, som til saman utgjer eit heile, og utvide opningstida ved å opprette meiorpne bibliotek
- utvikle biblioteka til å bli uavhengige og attraktive møteplassar for offentleg samtale og debatt

Prosjektet vart realisert som *Strilabiblioteket* med felles opning våren 2016.

I kommuneplanen for Meland kommune 2015 – 2027 er hovudmålet for biblioteket at det *skal vere ditt personlege bibliotek*. Vidare skal biblioteket vere *ein møteplass der du skal få hjelp til å finne litteratur, informasjon og ta del i kulturelle opplevingar*. Ein skal *formidle litteratur til alle grupper og styrke samarbeidet med skulane og barnehagane*. *Personalet skal ha god kompetanse på litteratur, formidling og IKT*.

Ei rullering av bibliotekplanen vil, utover nasjonale og regionale føringar, ta opp i seg måla i samarbeidet om *Strilabiblioteket*, samt styringsmåla i kommuneplanen og Planstrategi 2016–2019. Planen vil vere kortfatta med hovudfokus på ein utfyllande og konkret handlingsdel, som vil samle føringar og strategiar som skal ligge til grunn for arbeidet biblioteket skal prioritere dei kommande

åra.

Planen vil verte forfatta av kulturtenesta ved kulturleiar og biblioteksjef, med Utval for levekår som styringsgruppe. Planen kan verte klar til godkjenning første kvartal 2017.

Folkehelse

Ikkje vurdert særskild i saka

Miljø

Ikkje vurdert særskilt i saka

Økonomi

Tiltaket vil ikkje belaste kommuneøkonomien, men vil ta opp noko personalressurs ved kulturtenesta i kortare periodar.

Konklusjon

Oppstart av rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020 ligg føre.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner oppstart av rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020. Utvalet vert styringsgruppe for planen. »

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C00, FE - 223	16/361

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
51/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Tildeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Idrettsrådet hadde ikkje høve til å ha klar tilrådinga si til fordeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg for 2016 til utvalsmøtet den 26. april, der hovudtildelinga av kulturmidlar vart godkjend, ULK-31/2016.

Bakgrunnen var for det første at resultatane av idrettsregistreringa med oppdaterte medlemstal vert levert 30. april kvart år. Kulturmidlane vert fordelt etter medlemstal etter søknad, med særleg vekt på barn og unge.

For det andre var det for tidleg på året til at idrettsrådet hadde rett rekneskapsgrunnlag til å gi tilråding på driftstilskota til idrettsanlegg. Det vart i samråd med idrettsrådet vurdert at ein kunne flytte denne delen av tildelinga til hausten 2016. Ramma for idrettstildelingane vart avgjort i hovudtildelinga.

Bakgrunnen for at tildelinga av kulturmidlane var oppe til handsaming tidlegare på året enn vanleg var personalsituasjonen ved kulturtenesta.

Vurdering

Følgjande innstilling er oppe til handsaming på bakgrunn av tilråding frå Meland idrettsråd.

Kulturmidlar til idrettslag 2016

IL Kvernbit	50 848
Meland Golfklubb	17 661
Meland Motorsportklubb	6 165
Meland Ride- Og Kjøreklubb	3 418
Meland Skyttarlag	7 784
Nordre Holsnøy IL	18 359
Nordhordland Dykkarklubb	2 400
Nordhordland Padleklubb	6 856

Nordhordland Seilforening	3 358
Nordhordland Styrkeløftklubb	3 150
Total	120 000

Tilskot til drift av idrettsanlegg 2016

IL Kvernbit	240 000
Meland Golfklubb	90 000
Meland Motorsportklubb	95 000
Meland Skyttarlag	90 000
Nordre Holsnøy IL	90 000
Nordhordland Padleklubb	45 000
Total	650 000

Nordre Holsnøy har òg tilskot til drift av anlegg over anna tenesteområde.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg for 2016 ligg føre.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner tildeling av kulturmidlar til idrettslag og tilskot til drift av idrettsanlegg slik dei ligg føre i vurderinga.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C10	16/2196

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
52/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Ungdomsklubb og fritidstilbod for ungdom - orientering om status

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kulturtenesta ønskjer å halde ei kort orientering om status for arbeidet med fritidstilbod for ungdom i kommunen.

Vurdering

Saker om fritidstilbod har vore til handsaming i utvalet i 2015 og 2016. Det kan vere nyttig med ein kort rapport om kva som skjer i tida framover.

Konklusjon

Kulturtenesta held ei kort statusorientering i møtet

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek orienteringa til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - K11, TI - &32	14/4321

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
53/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Presentasjon av kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland kommune

Vedlegg:

Meland_VERDI

Meland_FRILUFTSLIVSOMRÅDER

Rapport Meland

Oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftsområda i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utval for levekår godkjende oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftsområda i Meland i møte den 12.5.2015, ULK-24/2015.

Bakgrunnen for saka var initiativet som kom i 2014 frå Miljødirektoratet og Hordaland fylkeskommune om å gjennomføre ei slik kartlegging. Arbeidet vart varsla til å kunne verte eit krav frå 2018, dersom ein kommune skulle kvalifisere for tilskot til sikring og opparbeiding av friområde.

Kartlegginga har vore forankra i *Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv 2014–2020 og Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder 2014–2020* og følgde Miljødirektoratet si handbok, M98-2013.

Kartlegginga var fagleg og tok i liten grad omsyn til andre interesser, administrative forhold eller planar. Avveginga mot andre omsyn skal gjerast i kommunen sitt planarbeid, einskilde saker og andre politiske prosessar, der kartlegginga vil vere eit reint faktagrunnlag for avgjerder om arealdisponering.

Vurdering

Kulturtenesta i Meland inngjekk saman med sju andre kommunar eit samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd om å nytte tilskotet frå direktoratet til ei prosjektleiarstilling som kunne vere disponibel for kommunane i arbeidet. Samarbeidet vart utvida etter at Meland, saman med Radøy og Austrheim, fekk skjønsmidlar til prosjektet.

Arbeidet har føregått ved seks møte i den lokale arbeidsgruppa, sett saman av dei faste deltakarane Eirik Utne – kulturkonsulent, Marius F. Knudsen – skog- og miljøkonsulent, Laila Bjørge –

landsbrukssjef, og Niels Torger Granum – GIS-ansvarleg. I tillegg møtte Mette Træland – rådgivar barnehage i første møte, og Ane Bysheim – kulturkonsulent i siste. Ekstern prosjektleiar Gunnhild Laxaa koordinerte møta og sørgja for gjennomarbeiding av materialet og ferdigstilling av prosjektet. Kartlegginga var på brei høyring og det vart arrangert folkemøte på Meland rådhus. Det var òg målretta kontakt med lokale lag, organisasjonar og einskilde personar for å innhente opplysingar ein såg mangla.

Folkehelse

Kunnskapen om friluftsverdiane i kommunen er no kartlagt og ålment tilgjengelege. Dette er positivt for arbeidet med å fremme friluftslivet og folkehelsa.

Miljø

Ikkje særskilt vurdert i saka

Økonomi

Det vart nytta eksterne midlar til kartlegginga. Arbeidet tok opp noko arbeidstid, i hovudsak gjennom møteverksemda i arbeidsgruppa.

Konklusjon

Kartlegging og verdisetting av friluftsområda i Meland ligg føre og resultatet vert presentert Utval for levekår.

Arbeidet vart sett på som naudsynt å gjennomføre, både grunna framtidige krav og behovet for eit betre og meir gjennomarbeida kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere friluftsverdiane i Meland kommune. Tilskota frå fylkeskommunen og fylkesmannen, samt samarbeidet med Bergen og Omland Friluftsråd og nabokommunane Radøy og Austrheim, gjorde eit stort og omfattande arbeid svært effektivt. Arbeidet kan reviderast ved seinare høve.

Kartlegginga er tilgjengeleg på naturbase.no og Nordhordlandskart. Rapport for arbeidet ligg ved denne saka.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek presentasjonen av kartlegging og verdisetting av friluftsområdet i Meland til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	FA - C10	16/2216

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
54/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Orientering om sommaraktivitetar for born i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frivilligsentralen, ved dagleg leiar, ønskjer å halda ei orientering om sommaraktivitetar for born i Meland.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek orienteringa til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - X03	16/2167

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
55/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Tv-aksjonen 2016 "Saman får vi hjelpa heilt fram"

Vedlegg:

Referat Lindås

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Årets Tv-aksjon går til Røde Kors og skal arrangerast den 23. oktober, med namnet «Saman får vi hjelpa *heilt* fram».

Utval for levekår er lokal arrangørkomité for aksjonen.

Vurdering

Samansettinga av utvalet er nytt etter valet i 2015, og det bør vere ein gjennomgang av organiseringa og avviklinga lokalt, som ei markering av starten for årets innsats.

Diskusjonen og gjennomgangen bør følgjast opp i eit særskilt planleggingsmøte i forkant av aksjonsdagen.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Det vert heldt ei gjennomgang av Tv-aksjonen 2016. For innsikt i årets tema vert det vist til www.blimed.no. Referat frå regionsmøte ligg ved saka.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjonen til vitande og ser fram til å medverke til årets innsamlingsaksjon.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1119

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
56/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning - Rema 1000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frekhaug Dagligvare A/S ved Bjørn Johnny Vågenes har i søknad d. 19.04.16 søkt om fornying salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20, i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, til REMA 1000, Nordgardshaugen 1, 5918 Frekhaug.

Bjørn Johnny Vågenes er styrar for salsløyvet og Aleksander Vågenes er vikar for styrar. Varesortimentet er daglegvarer. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 23.00 på kvardagar og frå kl. 08.00 til kl. 21.00 på laurdagar.

Vurdering

Saka har vore til uttale hjå Lensmannen i Lindås og Meland som har ingen merknad til fornying av salsløyve.

Frå Skatteetaten Nordhordland kemnerkontor har søkjar sendt inn attest for skatt og meirverdiavgift på firma, styrar og vikar for styrar. Attesten har ingen restanser på skatt/avgift.

Styrar for salsløyvet Bjørn Johnny Vågenes og vikar for styrar Aleksander Vågenes har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Framlegg til vedtak:

« I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkohollova §§ 1-

4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner kommunestyret at:

1. REMA 1000, Frekhaug får fornya salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent (alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, i tidsrom met 01.10.16 til 30.09.20

2. Bjørn Johnny Vågenes er styrar for salsløyve og vikar for styrar er Aleksander Vågenes

3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar

Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00. Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utangen av februar månad året etter.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
57/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning - KIWI

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bjørn Hagen A/S ved Karen Hagen Skauge og Gisle Skauge har i søknad d. 05.04.16 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20, i butikklokalet, stort 900 kvadratmeter, til KIWI 801, Havnevegen 37, 5918 Frekhaug.

Karen Hagen Skauge er styrar for salsløyvet og Gisle Skauge er vikar for styrar. Varesortimentet er daglegvarer. Opningstida er frå kl. 07:00 til kl. 23.00 på kvardagar og frå kl. 08.00 til kl. 21.00 på laurdagar.

Vurdering

Saka har vore til uttale hjå Lensmannen i Lindås og Meland som har ingen merknad til fornying av salsløyve.

Styrar for salsløyvet Karen Hagen Skauge og vikar for styrar Gisle Skauge har bestått kunnskapsprøven i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Framlegg til vedtak:

«I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner kommunestyret at:

1. KIWI 801 Frekhaug får fornøya salsløyvet til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent (alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 900 kvadratmeter, i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.2020

2. Karen Hagen Skauge er styrar for salsløyve og Gisle Skauge er vikar for styrar

3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar.

Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 før søn- og helgedagar.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00. Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai.

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar månad året etter.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1303

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
58/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i perioden 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning Meland golfklubb

Saksopplysningar:

Kommunen har den 19.05.16 motteke søknad om fornying av skjenkeløyve frå Meland Golfklubb ved Rune Mjøs.

Søknaden gjeld skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3, i klubbhuset til Meland Golfklubb, Beitingsvegen 50, 5918 Frekhaug.

Selskapslokalet er ca 343 kvm. Det er og søkt om fornying av løyve til skjenking på oppmerka uteområdet, veranda og uflyttbart/fastmontert telt, ca 100 kvm.

Søkjar har søkt om skjenkeløyve heile året, 7 dagar i veka og skjenketid frå kl. 08.00 til kl. 01.00.

Søkjar opplyser at skjenking føregår for det meste i forbindelse med arrangement i Golfklubben.

Rune Mjøs er styrar for skjenkeløyve og Lasse Roska er vikar for styrar. Styrar og vikar for styrar har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Vurdering

Saka har vore oversendt Nordhordland lensmannsdistrik for uttale. Lensmannen har i skriv d. 25.07.16 ingen merknad.

Søkjar har sendt inn attest for skatt og meirverdiavgift d. 19.05.16 frå Skatteetaten Nordhordland kemnerkontor. Her er ingen merknad til restanse på skatt/meirverdiavgift.

Framlegg til vedtak:

«I medhald av Alkohollova og Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune

godkjenner kommunestyret følgjande:

1. Meland Golfklubb ved Rune Mjøs får fornya skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 i klubbhuset til Meland Golfklubb, ca 343 kvm og avgrensa uteareal ca 100 kvm.
2. Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med følgjande unntak:
 - Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl. 12.00.
 - Fredagar og laurdagar, 2. juledag og nyttårsafta – til kl. 02.00

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 frå kl. 13.00 til kl. 24.00 - med følgjande unntak:

- Fredag og laurdag, 2. juledag og nyttårsafta - til kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 på avgrensa uteområde frå kl. 09.00 til kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 på avgrensa uteområdet frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Skjenketida gjeld kun fredag og laurdag.

Skjenkeløyve vert gitt fram til 30.09.2020.

3. Styrar for skjenkeløyve er Rune Mjøs og vikar for styrar er Lasse Roska.
Styrar for skjenkeløyve er ansvarleg for at utearealet for skjenking må ha god avskjerming og at det ikkje er til sjenanse for naboar.
4. Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar månad året etter.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1308

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning - Sansetunet

Saksopplysningar:

Kommunen har den 25.05.16 motteke søknad om fornying av skjenkeløyve frå Sansetunet ved Jan Atle Tvedt. Søknaden gjeld skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, i selskapslokale til Sansetunet, Skjelangervegen 600, 5917 Rossland. Selskapslokalet er ca 92 kvm. Det er og søkt om fornying av løyve til skjenking på avgrensa uteområde(terasse), ca. 50 kvm.

Søkjjar har søkt om skjenkeløyve heile året, 7 dagar i veka og skjenketid frå kl 12.00 til kl. 01.30.

Jan Atle Tvedt er styrar for skjenkeløyve. Styrar har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Søkjjar har søkt om fritak for vikar for styrar på grunn av skjenkestaden sin størrelse jfr. Alkohollova §1-7c.

Vurdering

Saka har vore oversendt Nordhordland lensmannsdistrikt for uttale. Lensmannen har i skriv d. 25.07.16 ingen merknad.

Frå Nordhordland kemnerkontor er det henta inn attest om restanse på skatt/avgift for firmaet Sansetunet og for eigarane av firmaet. Nordhordland kemnerkontor har i skriv d. 07.07.16 ingen merknad til restanse på skatt/avgift.

Framlegg til vedtak:

«I medhald til Alkohollova og Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune godkjenner kommunestyret følgjande:

1. Sansetunet ved Jan Atle Tvedt får fornya løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1,

2 og 3 i selskapslokale, stort, ca. 92 kvm og uteareal, ca 50 kvm.

2. Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 frå kl. 12.00 til kl. 01.00 – med følgjande unntak:

- Fredag, laurdag, 2. juledag og nyttårsaftan - til kl. 02.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar - med følgjande uttak:

- Fredag, laurdag, 2. juledag og nyttårsaftan - til kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 på avgrensa uteområde frå kl. 12.00 til kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 på avgrensa uteområde frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Skjenketida gjeld berre fredag og laurdag.

Skjenkeløyvet vert gitt fram til 30.09.2020.

3. Styrar for skjenkeløyve er Jan Atle Tvedt. Sansetunet får fritak for stedfortredar for styrar på grunn av skjenkestaden sin størrelse jfr. 1-7c.
Styrar for skjenkeløyve er ansvarleg for at utearealet for skjenking må ha god avskjerming og at det ikkje er til sjenanse for naboar.
4. Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar månad året etter.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1121

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
60/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning Sanya restaurant

Saksopplysningar:

Kommunen har den 25.04.16 motteke søknad om fornying av skjenkeløyve frå Sanya restarant AS ved Renjie Guo. Søknaden gjeld skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i lokale til Sanya restaurant AS, Havnevegen 3, 5918 Frekhaug. Spisesal er oppgitt til ca 60 kvm.

I telefonsamtale 02.09.16 opplyser søkjar at han ønskjer skjenkeløyve heile året, 7 dagar i veka og skjenketid frå kl. 13.00 til kl. 22.00.

Renjie Guo er styrar for skjenkeløyve. Styrar har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Søkjar har opplyst i telefonsamtale 02.09.16 at han søker fritak for vikar for styrar på grunn av skjenkestaden sin størrelse jfr. Alkohollova §1-7c.

Vurdering

Saka har vore oversendt Nordhordland lensmannskontor for uttale. Lensmannen har i skriv d. 25.07.16 ingen merknad.

Framlegg til vedtak:

« I medhald av Alkohollova og Alkoholpolitisk handlingsplan 2016 -2019 for Meland kommune godkjenner kommunestyret følgjande:

1. Sanya restaurant AS ved Renjie Guo får fornya løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, i restaurant/spiselokale, stort, ca 60 kvm.

2. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 frå kl 13.00 til kl. 22.00.

3. Skjenkeløyve vert gitt fram til 30.09.2020.

4. Styrar for skjenkeløyve er Renjie Guo.
Sanya restaurant får fritak for stedfortredar for styrar på grunn av skjenkestaden sin størrelse, jfr. Alkohollova §1-7c.

5. Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar måned året etter.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	16/1205

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
61/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 i perioden 01.10.16 til 30.09.20

Vedlegg:

Plantegning Sjøslaget

Saksopplysningar:

Kommunen har den 03.05.16 motteke søknad om fornying av skjenkeløyve frå Nordomfjellet AS ved Tore Kvalheim. Søknaden gjeld skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, i selskapslokale til Sjøslaget Pub og selskapslokale, Skjelangervegen 819, 5917 Rosslund. Selskapslokalet er ca 75 kvm. Det er og søkt om fornying av løyve til skjenking på avgrensa uteområde, ca 60 kvm.

Søkjar har søkt om skjenkeløyve heile året, 7 dagar i veka og skjenketid frå kl. 12.00 – 02.00.

Eva Birkeland er styrar for skjenkeløyve og Gunn Alice Isdal er vikar for styrar. Styrar og vikar for styrar har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkohollova §1-7c.

Vurdering

Saka har vore oversendt Nordhordland lensmannsdistrikt for uttale. Lensmannen har i skriv 25.07.16 ingen merknad.

Frå Nordhordland Kemnerkontor er det henta inn attest om restanse på skatt/avgift for firmaet Nordom Fjellet AS og for eigarane av firmaet. Nordhordland kemnerkontor har i skriv d. 08.07.16 ingen merknad til restanse på skatt/avgift.

Framlegg til vedtak:

«I medhald av Alkohollova og Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune godkjenner kommunestyret følgjande:

1. Nordom Fjellet AS ved Tore Kvalheim får fornya skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Sjøslaget Pub og serveringslokale, ca 75 kvm og uteareal ca. 60 kvm.
2. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 frå kl. 12.00 til kl. 01.00 – med følgjande unntak:
 - Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl. 12.00
 - Fredag og laurdag, 2. juledag og nyttårsaftan - til kl. 02.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar med følgjande unntak:

- Fredag og laurdag, 2. juledag og nyttårsaftan - til kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 på avgrensa uteområde frå kl. 12.00 til kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 på avgrensa uteområde frå kl. 13.00 – 01.00. Skjenketida gjeld kun fredag og laurdag.

Skjenkeløyve vert gitt fram til 30.09.2020.

3. Styrar for skjenkeløyve er Eva Birkeland og vikar for styrar er Gunn Alice Isdal.

Styrar for skjenkeløyve er ansvarleg for at utearealet for skjenking må ha god avskjerming og at det ikkje er til sjenanse for naboar.

4. Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar månad året etter.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		16/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
62/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

Aktuelle saker